

Nr 1-2022, årgang 58

# KYRKJELYDSBLAD

FOR NISSEDAL SOKN

Med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje



Nissedal kyrkje



Felle kapell

## PÅSKA 2022



Kay Adam Homleid 4. kl.

## «SO BLÆDDE DEI SALMUR»

Våren er her med blånande skuggar på glitrande snø, med ljósare dagar og vaknande liv. Ein dag tidleg i mars har me ei lita samtale med Gunhild Breivik Rieber-Mohn. Gunhild har nett avslutta eit langt yrkesliv som lærar og logoped, men ho har slett ikkje vanskar med fylle dagane med gode stunder og meningsfulle gjeremål; handarbeid og hagearbeid, lesing og turar i skog og på fjell. Ho og husbonden, Peter, fer òg rett som det er av stad for å sjå til dei fire jentene sine, ei i Oslo, to i Bergen og ei på Lillehammer. Naturleg nok er det gildt å få fylgje med på dei små som dei er besteforeldre til. Gunhild har i mange år vore mykje med i kyrkjelivet. Framleis er ho med i soknerådet og i Kyrkjelydsbladet, der ho gler oss med verdifull side.



– **Denne vanda har du òg funne fram ei salmetekst som du vil dele med oss?**

– Ja, eg må vedgå at eg tenkte litt att og fram på kva eg skulle velje. I gode dagar kan det vere lett å syngje glade og optimistiske songar. Me treng dei òg, men i tider der mange menneske har det vondt, til og med frå opplevingar i grufulle krigshandlingar, synest eg det er lettare å finne fram ei salmetekst med eit vidare perspektiv, som fortel om både mørke og ljose sider i livet. Slik blei det til at eg valde « O bli hos meg.»

– **Kan du seie litt om kva denne salma fortel oss?**

– Han som skreiv denne salma, henta inspirasjon frå forteljinga om dei to læresveinane som Jesus slo fylgje med på veg til Emmaus, slik me kan lese i Lukas-evangeliet, kap.24. Dei to var motlause og sorgtunge etter at Jesus var krossfest. På vegen kjenner dei ikkje att Jesus, men etter at han har lagt ut skriftene for dei, bed dei innstendig om at han må bli med inn i huset der dei held til – for som dei seier – det lid mot kveld og dagen hallar. Då dei held måltid og Jesus bryt brødet, kjenner dei han att. Med stor glede legg dei straks ut på vegen attende til Jerusalem for å fortelje at Jesus lever.

«O bli hos meg» er ei salme som eg har hatt med meg heilt ifrå barneskulen. Eg var så heldig at eg fekk vekse opp med både song- og salmeskatt, songar som me måtte lære utanåt, og som seinare i livet tonar med i sinn og tankar i skiftande dagar og år. Eg vil òg få seie at det er eit stort tap dersom me ikkje greier å føre vidare ein del av den rike song- og salmeskatten til dei som veks opp i dag.

TV

### O bli hos meg

O bli hos meg! Nå er det aftentid,  
og mørket stiger – dvel, o Herre blid!  
Når annen hjelp blir støv og duger ei,  
du, hjelpeløses helper, bli hos meg!

Når du velsigner, ei av frykt jeg vet,  
sår gjør ei ondt, gråt har ei bitterhet.  
Hvor er vel dødens brodd? Jeg frykter ei.  
Du som har seiret, Herre, bli hos meg!

Snart svinner livets dag, det kvelder fort,  
og jordens lys alt mørkner og går bort,  
forandrings skygge følger tro min vei -  
o du som ei forandres, bli hos meg!

O la meg se ditt kors i dødens gys,  
driv mørket bort og vær meg livets lys!  
Da skinner morgenrøden på min vei.  
I liv og død, o Herre, bli hos meg!

Hver time trenger jeg din sterke vakt,  
kun for din nåde viker mørkets makt;  
hvor skal jeg vandre trygt foruten deg?  
I mulm og solskinn, Herre, bli hos meg!

Engelsk tekst: Henry Francis Lyte, 1847  
Norsk tekst: Gustav Jensen, 1915  
Melodi: William Henry Monk, 1861

### «Å døgne»

Når det er leir, får eg ofte spørsmålet, får me lov til å døgne?

Det tyder på at det er populært å prøve å vere vaken heile natta. Men det er meir motiverande å prøve å klare det om ein ikkje får lov .

I påska i det gamle Israel fekk alle lov til å døgne Skjærtorsdag natt. Ja, det var ei oppmoding om å vake heile natta. Borna gledde seg til det. For kvelden byrja med det store påskemåltidet som tok mange timar med god mat og gilde fortellingar. Og så fortsette det med song, leik og moro ut over heile natta, heilt til hanen gol.

Det jødiske påskemåltidet var grunnlaget for Jesus innstifting av nattverden. Og den jødiske tradisjonen med å vake var bakgrunnen for Jesu ord til disiplane, og særleg Peter om å vere vaken saman med han heile denne siste natta før langfredag. Då forstår vi betre Jesu ord til Peter om å vake og be. Men vi forstår og kvifor Jesus seier: «Før hanen gjel i natt, skal du forneakta meg tre gonger.»

Peter var stolt som ein hane, men han fekk merka Jesu ord om at ånda er villig, men kjøtet veikt. Så lenge dei sat ved bordet, var det trygt og godt. Det var ei tradisjonsrik feiring. Alt var slik dei var kjend med frå før. Kan hende dei og hadde med seg tradisjonen med å bryte brødet og gjøkke den eine halvdel. Og så ville den av deltakarane som fann den, få ein ekstra godbit Men då Jesus braut brødet, kom Judas i fokus. Disiplane spurde Jesus om kven som skulle svika han. Og han svara at den som har dyppa handa i fatet saman med meg, han kjem til å svika Menneskesonen.


På vegen ut i nattemørkret tek Jesus vegen til Oljeberget og Getsemanehagen. Peter var «cocky», han var høg på pæra. Han sa til Jesus at han aldri kom til å svike Jesus. Jesus svara: «I natt , før hanen gjel, skal du forneakta meg tre gonger. Men Peter sa: Om eg så må døy med deg, skal eg ikkje fornakta deg.»

Peter klarte ikkje» å døgne» saman med Jesus. Han sovna, og han svikta. På gardsplassen utanfor Øvsteprestens hus, der, ikkje berre nekta han for at han kjende Jesus, han banna og sverja på at han ikkje kjende den mannen.

Ein prest las feil eingong, han sa: - Då gol Peter. Men Peter var ikkje mykje «cocky» då nei, han gjekk ut og gret sårt.

No er ikkje denne teksten eller denne andakten ei oppmoding om å ligge vaken og vri seg heile natta. Nei, det er heller ei oppmoding om å be om kvelden: «Vår Gud som alltid vaker, ver vakt og vern om oss i natt.»

Eller om morgonen: «Herre, takk for at di miskunn er ny kvar morgon.»



Knut Bjørn Skyttemyr

sokneprest



### **Marie Kornmo Enger og Geir Christian Enger**

#### **- allsidig ektepar med vidt utsyn under skog og fjell**

Nysnøen fell dunlett og skimrande ein kveld i slutten av februar då *Kyrkjelydsbladet* har avtala å møte Marie

Kornmo Enger og Geir Christian Enger. Ekteparet har slett ikkje noko imot å få meir snø og godt skiføre framover mot påske. I dei åra dei har vore saman, har dei fare ut i skiftande vêr og årstider på turar i skog og fjell så ofte som det let seg gjere. Det er 20 år sidan Marie og Geir fann vegen til Nissedal, men det var i Svelvik og Skoger dei trødde barneskorne sine, og det vil me gjerne høyre litt meir om.

#### **Gode oppvekstår for Marie i Skoger**

Marie voks opp saman med foreldre, to yngre systre og besteforeldre på garden Lajorde i Skoger, den gamle vestfoldbygda som saman med Konnerud blei ein del av Drammen kommune og Buskerud fylke midt på 1960-talet. På garden var det eit yrande liv med hestevrinsk og grisegrynt, rautande kyr og hoppande kaniner. Far til Marie arbeidde som bygningsingeniør, og mor hennar hadde fanget fullt på heimebane. Ein kar som dreiv med oppdrett av arabarhestar, leigde mesteparten av dei 23 stallplassane. I driftsbygningen var det òg plass til 50 grisar. Også ungar utanom næraste huslyden fekk glede og opplevingar i livet på garden. Det var gjort avtale med Barnevernet om at ein del unge skulle få kome på «bondegardsferie».

– *Då du voks opp på 1980-talet, hadde vel Skoger framleis ein del av det gamle bygdemiljøet?*

– Ja, så absolutt, kjem det raskt frå Marie, – i klassa mi på barneskulen i Skoger var vi 14 elevar. Eg fekk vekse opp i eit trygt bygdemiljø med både store og små gardar nokre få kilometer frå Drammen sentrum. Heime fekk eg boltre meg i livet på garden. Frå eg var lita, fekk eg sjå på dressurriding heime, og det var noko eg fekk god lyst til å prøve meg på. Eg fekk vere med på mange gilde ridestemne. Far min har alltid vore ein ivrig friluftsmann. Så lenge eg kan hugse, var vi ute på turar i skog og fjell, både på ski og til fots, etter kvart også på orreleik og jakt. Å få prøve seg i ulike idrettsgreiner var også heilt topp; fotball, basketball, volleyball og roing. Naturlegvis var det spennande å bli kjent med idrettslivet nede i by`n og få nye vener.

Familien vår drog òg ned til sentrum for å vere med i pinsemenigheten Filadelfia som har om lag 900 medlemmer. Ein av fordelane med å vere med i ei så pass stor forsamling er at det er langt lettare å kunne ha tilbod for nær sagt alle aldersgrupper. Eg for min del var mest med i ulike kor og i speidargrupper.

– *Og då fekk du utvikle deg i song og musikk?*

– Ja, eg lika veldig godt å få vere med i kor. Song og musikk hadde eg elles fått rikeleg med meg frå barndomsheimen. Mor mi spela gitar og piano. Frå vi var småjenter var vi med og song og spela på møte på kvileheimar og eldretreff eller i hyggelege selskap. Elles minnest eg den særskilde stemninga når vi var på nyttårs-gudsteneste i den gamle mellomalderkyrkja i Skoger. I det heile har eg med meg gode minne frå Skoger, frå barndomsheimen min, frå idrettsliv og frå miljøet i Filadelfia, der det òg var rom for undring og spørsmål.

## **Aktive oppvekstår for Geir i Svelvik**

Geir er nokre år eldre enn Marie og voks opp i lag med foreldre og ei yngre syster i Svelvik, ein triveleg småby ved fjorden som frå 1.januar 2020 blei ein del av Drammen kommune. Foreldra til Geir var lærarar, og på skulen der Geir var elev, blei også far hans rektor. Far til Geir var elles ivrig med i Arbeidarpartiet og deltok i mangt av kommunalt styre og stell. I kommunestyret var han òg ordførar ein periode. Geir minnest at 1. mai var ein viktig dag då heile familien måtte vere med på feiringa.

– *Kva var det du lika best å drive med på fritida?*

– Eg synest det var veldig moro å få prøve meg i ulike idrettar, kunne trene og kjenne på meistring og utvikling. Ein onkel av meg dreiv med segling. Slik blei eg med han og sønene hans i seglarmiljøet i Svelvik. Eg segla både i optimistjolle og europajolle og fekk vere med i regattaer. I oppvekståra var eg òg med på aldersbestemte lag i fotball og blei etter kvart med i laget DRIM.

## **Ungdomsår med ny kurs, utdanning og militærteneste**

Då Geir gjekk på vidaregåande i Sande, fekk han ein ny kamerat som var med i Filadelfia i Drammen. Her blei Geir med kameraten på møte, og her kjende han på at han hadde kome til ei triveleg forsamling med ånd og liv. Det var eit ganske stort steg for ein ung mann med bakgrunn frå Kyrkja å skulle bli med i ei pinsevenforsamling. Men her kjende Geir på velsigning og fred med Gud, og her ville han gjerne vere med vidare. Slik kom òg vegen til å bli staka opp på fleire måtar. Geir heldt fram med utdanning, trening, idrett og militærteneste, mellom anna i Militærpolitiet, før det blei lærarutdanning i Oslo.

– *Og så var det eitt fag som du gjerne ville spesialisere deg i?*

– Ja, eg hadde nå heile tida drive med idrett, og med åra hadde tankane mogna om at det kunne vere interessant å få lære meir om kroppsøving og idrett som fag, både praktisk og teoretisk. Eg søkte på Idrettshøgskolen, og eg visste at det kunne vere litt av eit nålauga å kome gjennom. Difor blei eg gledeleg overraska då eg fekk plass. Det var ikkje fritt for at eg kunne kjenne meg litt liten då eg kom på same gruppa som toppidrettsfolk som Espen Bredesen og Jon Rønningen, men i studieopplegget blei det òg lagt vekt på at vi måtte kunne hevde oss i ulike idrettsgreiner, så slik sett jamna det seg ut litt. Vi hadde blant andre professorane Gunnar Breivik (med røter frå Fyresdal) og Egil «Drillo» Olsen som inspirerande lærarar. Egil Olsen er nok den beste læraren eg har vore borti.

## **Ekteskap – utdanning og ny glans over dagane**

Då Geir blei med i Filadelfia, la han nok merke til ei ung jente av og til, mellom anna gjennom speidararbeidet, men fyrst etter ein del år fann dei tonen og blei eit par. Marie hadde nett gjort seg ferdig som elev på idrettslina på vidaregåande og så vidt fylt 18 år då ho og Geir feira bryllaup. Det blei heller lita tid til kveitebrødsdagar og dans på roser. Den unge brura hadde planane klare om solid utdanning. Fyrst blei det førebua fag på Universitetet i Oslo, dei som blir kalla Ex.Phil. og Ex.Fac., før ho gjorde unna både grunnfag i kriminologi og treårig studium på Politihøgskolen med gilde og interessante opplegg. Samtidig fekk livet ein heilt ny dimensjon. Det hadde seg slik at Geir fekk spørsmål frå Barnevernet om ikkje han og Marie kunne take på seg oppgåva med å bli far og mor for ein liten gut som mangla både heim og foreldre. Det kom naturleg nok uventa på det travle paret, men både Marie og Geir syntest det verka spennande. Og som ikkje det var nok, då vesle André godt og vel var på plass i heimen, syntest det seg at Marie var på veg med barn. – Eg må le når eg ser tilbake på dagane då eg sprang ut til deg og smågutane i bilen utanfor Politihøgskolen for å gjere unna ammepause, seier Marie medan ho glytter bort på Geir. – Ja, og eg fekk vel dobbel dose som heimeverande bleieskiftarbeidar, svarar Geir og ler.

## Rike år på ny heimstad


Både Geir og Marie hadde tankar om å få seg arbeid i Vest-Telemark. Då Marie heldt på med utdanning, hadde ho blitt kjend med lensmann Per Larsen, som hadde mykje godt å seie om Nissedal. Då Marie blei tilsett i ledig stilling, snudde paret seg raskt rundt og pakka det dei hadde av jordisk gods. Geir fekk seg etter kvart arbeid i Åmli og på Fjelltun leirskule før han etter nokre år kom til Tveit skule. På fritida fann dei snart fram i skog og mark, ikkje minst takka vere Gunhild Eikhom og Knut Oddvar Nes som kom til å bli viktige vener og vegvisarar til jakt- og naturopplevingar.

Det fall òg naturleg å bli saman med mange unge familiar på møte og opplegg på Evangeliesalen. Då mesteparten av desse familiane flytte frå bygda, tok Geir og Marie til med å vere med i Frikyrkja, slik at dei tre gutane deira kunne få vere med på opplegg saman med jamaldringar. – Eg synest vi alle i familien har det heilt topp i Frikyrkja, seier Marie med eit raskt blikk mot husbonden. – Ja, så absolutt, svarar Geir, – både i Frikyrkja og elles i kristne forsamlingar i Vest-Telemark synest eg vi ofte møter eit romsleg syn på at vi har det viktigaste felles, endå om vi kan ha ulike syn på dåpen.

– *Og når det nå går mot påske, så er vel det ei viktig høgtid i alle kristne samfunn?*

– Ja, påskeevangeliet om at Jesus gjekk i døden for alle menneske, stod opp og lever i dag, er grunnsteinen for alt det vi trur på. Pinsa fortel om at Den heilage ande vil gjere alt levande for oss og gje oss åndelege gåver og alt godt som vi treng i livet. I det perspektivet får vi òg glede oss over den bygda vi har kome til, ei bygd med mykje godt i folkeliv mellom skog, fjell og vatn, seier Marie og Geir og smiler. Og me kan helse attende med at mange i Nissedal er glade for å få nye folk som set gode spor i kommunen vår.

TV



Eira Hellum Parry Jones 1. kl.



Olea Volline Thorgrimsen 2. kl.

## TRUSOPPLÆRING VÅREN 2022

NATTCAFE på bedehuset i Treungen kl. 20.00 – 00.00 fylgjande datoar i vårsemesteret 2022:

26. mars og 30.april.

Det blir servert pizza, og vi har mange ulike aktivitetar.

Samlingane er for ungdomsskulen og vidaregåande.

Velkomen!

ALDRI ALEINE på bedehuset i Treungen kl.17.30 – 19.30.

Datoane for vårsemesteret 2022: 28. mars og 25. april.

Målet med ALDRI ALEINE er å skape trygge rom der tenåringar kan kjenne med heile seg at dei har ein identitet som Guds barn.

Nokre stikkord er: Fellesskap og relasjonar, trygg kvardagstru på Jesus og sjølvbilde. Samlingane er for 6. og 7. klasse.

Velkomen!

### *Program for søndagsskulen i Felle kapell vårsemesteret 2022*

*Måndag 28. mars*

*Sundag 10. april familiegudsteneste*

*kl. 11.00*

*Måndag 23. mai*

*Samlingane startar kl.17.00*

*Alle frå 0 år og oppover er hjarteleg velkomne!*

### **SUNDAGSSKULEN I NISSEDAL**

**Våren 2022 Frå kl. 11.00 -12.00**

27. mars

10. april

24. april

8. mai

### **Program Nissedal Yngres våren 2022**

Mars

31.: Hobby – spel – bollar og saft

April: 21.: Spel – hobby – utlodning

**28. BASAR**

### *Program for søndagsskule og tårnagentar våren 2022 Treungen bedehus*

*Sundag 20. mars kl.11.00*

*Sundag 15. mai kl.11.00*

*Sundag 12. juni kl.12.00 tur til Lonvassberga på Heimdalsheia*

*Det vil også vere tilbod til borna i sakristiet under dei vanlege gudstenestene.*

***Hjarteleg velkomen til alle frå 0 år og oppover!***

### **Fjone bedehus**

**Sjekk FB-sida for barnearbeidet**

### **LAURDAGSKVELD på bedehuset i Kyrkjebygda**

Velkomen til deg som går i 7. -10. klasse frå Kyrkjebygda/Nordbygda.

Vi samlas desse dagane i vår: 12. februar, 12.mars og 9. april kl. 19.00 – 22.00.

Du kan ta me snacks/smågodt til deg sjølv viss du vil.

## Tøff fremtid for Tiya (14)

**Drømmen om utdanning og legestudier  
brast for fjorten år gamle  
Tiyankhulenji Richard. Familien  
hennes har ikke lenger råd til  
skolebøker, uniform eller  
eksamensavgift.**

Tiyankhulenji Richard bor i en liten  
landsby uten strøm eller rent vann. I et

land som er rangert som et av verdens verste land når det kommer til ulikhet mellom kjønn. Et land med høy andel barneekteskap og skadelige skikker. Under pandemien har antall barneekteskap i Malawi økt fra mellom tolv til femti prosent flere steder.

Når jenter dropper ut av skolen, blir de ofte giftet bort fordi foreldrene ikke har råd til å ha dem hjemme.

– Jeg går til elva eller brønnen fem ganger hver eneste dag for å hente vann. I stedet for å gjøre lekser, vasker jeg huset, lager mat, henter vann, vasker opp og vasker klær, sier hun stille.

Tiya er et av åtte barn, og familien har det trangt økonomisk. Det de tjener på mais er langt fra nok til å betale ungdomsskolen.

### **Uhygienisk vann**

Aller helst vil hun bare ha samme muligheten som venninnene sine, være og ung og bruke tiden på skolen og skravling med venninner.

– Jeg er veldig opptatt av moter, jeg drar på markedet så ofte jeg kan. Da kjøper jeg meg nye klær, kremer og såper, forteller hun.

Musikk og ballspill er også en viktig del av livet hennes. Og det er ikke vanskelig å se hvorfor hun trives på idrettsbanen. Under en kamp mellom de yngste og eldste jentene i landsbyen, scorer hun flere ganger.

– Jeg elsker å spille nettbull, det blir jeg aldri lei. Samtidig som jeg kan være sammen med venninnene mine igjen etter at de har vært på skolen.

Så fort de er ferdig med lekser og skole, er de sammen.

– Vi snakker mye om jenteting, mer vil jeg ikke si, fniser hun.

Kirkens Nødhjelp skal bygge en førskole i Dama, da vil det også bli bygd en brønn. Prosjektet er del av et større samarbeid med Utviklingsfondet og NMBU, finansiert av norske myndigheter.

– Jeg liker ikke at vi må hente vann i elva. Det er så lite hygienisk. Spesielt når den tørker opp, avslutter Tiya.



Konfirmantane kjem på døra di i Nissedal kommune

Tysdag 5.april mellom kl 17.30 og 19.30

Husker du  
at du puttet på  
den pengen  
i den bøssa  
og tenkte  
jaja en dråpe i havet  
så ble det plutselig  
en brønn

Tyggje Skaug





## GUDSTENESTELISTE MED OFRING VÅREN 2022

### April

3.	Kl 11.00 Treungen	Familiegudsteneste m/ sundagsskolen, kyrkjekaffi Gullkonfirmantar 71og72	Kyrkjelydsarbeidet
10.	Kl. 11.00 Felle	Familiegudsteneste/ Palmesundag	Sundagsskolen i Telemark
10.	Kl. 18.00 Fjone	Familiegudsteneste/ Palmesundag - kveldsmat	Sundagsskolen i Telemark
14.	Kl. 10.00 Haugsjåsund	Skjærtorsdag	Diakoniprojektet i Mali
14.	Kl 18.00 Nissedal	Skjærtorsdag/ nattverd kveldsmat	Diakoniprojektet i Mali
15.	Kl. 11.00 Treungen	Langfredag	Diakoniprojektet i Mali
17.	Kl. 11.00 Nissedal	Fyste påskedag	Sundagsskolen i Telemark
24.	Kl. 18.00 Treungen	Felles diakonisamling for Vest-Telemark, kyrkjekaffi	Diakoniatet i Vest-Telemark

### Mai

1.	Kl. 11.00 Treungen	Solidaritetsgudsteneste	Frelsesarmeen
17.	Kl. 10.00 Nissedal	17. mai	Kirkens nødhjelp
17.	Kl. 12.00 Felle	17. mai	Kirkens nødhjelp
17.	Kl. 14.30 Fleirbrukshuset/ Treungen	17. mai	Kirkens nødhjelp
22.	Kl. 11.00 Nissedal	Nattverd	Kyrkjelydsarbeidet
22.	Kl. 18.00 Treungen		Kyrkjelydsarbeidet

### Juni

5.	KL. 11.00 Nissedal	Pinsegudsteneste med konfirmasjon	Kyrkjelydsarbeidet
19.	Kl. 11.00 Treungen	Nattverd	Sundagsskolen i Telemark

Treng du skyss til gudsteneste, kan du ringe:  
Liv Lia, tlf.: 414 470 19 eller Astrid Eidem Nordal, tlf.: 936 594 21

**Vi oppmodar til å fylgje med på [www.treungenfrikyrkje.no](http://www.treungenfrikyrkje.no) då mykje er usikkert og det kan kome fleire endringar i programmet. På heimesida vil vi også gi info om kva tilbod vi har til born og unge.**

## APRIL

- |     |        |   |
|-----|--------|---|
| 03. | 19.00  | Husgruppe   |
| 04. | 17.30  | Speidaraktivitet  |
| 05. | 19.00  | Kvinneforening  |
| 10. | 11.00  | Familiegudsteneste  |
| 14. | 18.00  | Skjærtorsdagsgudsteneste<br>Nattverd og fellesskapsmåltid |
| 17. | 11.00  | Høgtidsgudsteneste  |
| 19. | 19.00  | Kvinneforening  |
| 23. | 11.00  | Temahelg ved Leif G Sandvand                              |
|     | -13.00 | Bibeltime og lunsj  |
| 24. | 11.00  | Gudsteneste med sund.sk/Tårnag                            |
| 25. | 17.30  | Friklubben. Avslutning                                    |
| 26. | 18.00  | Dugnad og fellesskap                                      |

## MAI

- |         |       |                             |
|---------|-------|-----------------------------|
| 01      | 19.00 | Husgruppe                   |
| 03      | 19.00 | Kvinneforening              |
| 07.-08. |       | Tur med speidaraktivitet    |
| 08.     | 11.00 | Speidargudsteneste          |
| 15.     | 19.00 | Husgruppe                   |
| 21.-22  |       | Fjelltunjubileum            |
| 22.     | 11.00 | Gudsteneste. Nattverd       |
| 24.     | 18.00 | Vårdugnad/ fellesskap       |
| 26.     |       | Kristi himmelfart – Topptur |
| 29.     | 19.00 | Husgruppe                   |
| 31.     | 19.00 | Kvinneforening. Avslutning  |

## JUNI

- |         |       |                              |
|---------|-------|------------------------------|
| 05.     | 11.00 | Høgtidsgudsteneste. Nattverd |
| 12.     | 19.00 | Husgruppe                    |
| 14      | 19.00 | Kyrkjelydsmøte               |
| 17.-19. |       | Tweensleir på Fjelltun       |
| 23.-25. |       | Barneleir på Fjelltun        |
| 23.     | 18.00 | St. Hans-feiring.            |
| 26.     | 11.00 | Utegudsteneste               |

**Endringar kan skje.**

**Følg med på [www.treungenfrikyrkje.no](http://www.treungenfrikyrkje.no) og annonsering.**

## Bøn torsdag 09.00

Det er og mogleg å ta kontakt med pastoren for ein prat eller for å få tilsendt info på sms eller mail  
Rut Stokstad Nielsen: 93468174  
[rut.nielsen@frikirken.no](mailto:rut.nielsen@frikirken.no)

## Endeleg sommarleir på Fjelltun

I år går vi saman igjen frå ulike frikyrkjer og arrangerer leirar på Fjelltun. Vi håper mange born har lyst til å samlast og oppleve kanopadling, fiske, aktivitetar, møte om Jesus, song og mykje meir.

Tweensleir: fredag 17.- søndag 19.juni. (innsjekking frå 16.30) for dei som er ferdig med 4.kl – ferdig med 7.kl  
Barneleir: Torsdag 23.juni-laurdag 25.juni (Innsjekking frå 16.30) for dei som er ferdig med 1.kl – ferdig med 4.kl

Pris: 600,- pr barn. Pr søsken 500,- (Også om dei er på ulike leirar) maks pr. familie 1200,-  
Ein kan og sjekke ut ulike støtteordningar.

For meir info og påmelding:  
[www.treungenfrikyrkje.no](http://www.treungenfrikyrkje.no)

Velkommen på leir!!!!



## TREUNGEN NORMISJON, BEDEHUSET VÅREN 2022

<b>Mars</b>	Torsdag	24.	kl.19.00	Dugnad/fellesskap.
	Torsdag	31.	kl.19.00	Møte, Odd Rannestad.
<b>April</b>	Måndag	04.	kl. 19.00	Bønsamling.
	Torsdag	07.	kl. 19.00	Bibeltime, Knut Bjørn Skyttemyr.
	Laurdag	23.	kl. 11.00	Temahelg i Frikyrkja v/Leif Gunnar Sandvand,
	Sundag	24.	kl. 11.00	-----«-----
	Onsdag	27.	kl. 19.00	Møte i Haugsjåsund, Morten Kravik.
	Torsdag	28.	kl. 19.00	Dugnad/fellesskap.
<b>Mai</b>	Måndag	02.	kl. 19.00	Bønsamling.
	Torsdag	05.	kl. 19.00	Misjon Sarepta v/Hans Bergane.
	Torsdag	12.	kl. 19.00	Bibeltime, Oddvar Svalastog.
	Torsdag	19.	kl. 19.00	Dugnad/fellesskap.
	Onsdag	25.	kl. 19.00	Møte i Haugsjåsund, Martha Irene Eriksrød
	Torsdag	26.	kl. 11.00	-Kr.h.fartsdag, i bedehuset -----«-----
<b>Juni</b>	Fredag	03.	kl. 17.00	Fisketur til Heimdalsheia.
	Torsdag	09.	kl. 19.00	Møte, Ulf Børje Rahm.
	Torsdag	16.	kl. 19.00	Dugnad/fellesskap.
	Torsdag	23.	kl. 18.00	St.Hans, arr. Normisjon.

Kvar torsdag i tida 07.juli til og med 04.aug. er det bøn og samtale kl.19.00 i bedehuset.

Velkomne i Bedehuset.



## MØTE PÅ HAUGSJÅSUND GRENDEHUS VÅREN 2022

- Skjærtorsdag 14. april kl. 10.00: Gudsteneste ved sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr og kantor Maria Skjæveland  
Kollekt og enkel servering.
- Onsdag 27. april kl. 19.00: Møte med song og tale ved Morten Kravik frå Israelsmisjonen.  
Misjonsbutikk, kollekt og enkel servering.
- Onsdag 25. mai kl. 19.00: Møte med tale av Martha Irene Eriksrød frå Normisjon.  
Kollekt og enkel servering.
- Kr.him. 26.mai kl.11.00: Møte med tale av Martha Irene Eriksrød på Treungen bedehus.

**VEL MØTT!**

### Fjone bedehus

Barnearbeidet: sjå FB-sida.

Damenes: fyrste onsdag kvar månad kl 19.00.

BASAR: onsdag 25.mai kl 18.30

### Felle frikyrkje

Sundag 8. mai kl. 11.00 Møte

Vel møtt!

## Frå årsmeldingane året 2021

### Saker i soknerådet gjennom året

- Gudstenestelister og ansvar ved gudstenestene. Det vart halde 34 forordna gudstenester på sun- og heilagdagdar. 5 gudstenester utanom sun- og heilagdagdar. Soknerådet er opptatt av tilbakemeldingar om gudstenester og kyrkjelege handlingar.
- Andre arrangement i kyrkjene: sjå Diakoniutvalets årsmelding ang arrangement med Ivar Skippervold

### Innsamla gåver

Gjevartenesta.

Innsamla i kyrkjene/vipps kr. 55.800,75  
Av dette;

- Eiga verksemd kr. 14.833,75
- NORSahel kr. 15.742,75
- Andre formål kr. 22.374,25

Fasteaksjonen kr. 2.850,- (digital innsamling felles med prostiet kjem i tillegg)

### Økonomisk resultat 2021:

Rekneskapsmessig meirforbruk (underskot) er på kr. 52.478,49. Kr. 38.775,20 av summen vert dekt av Skogfond/kyrkjeskogavgift. Dette er bruka på planting av ny skog.

### Årsak til dette er i hovudtrekk:

- Lite aktivitet grunna Covid-19
- Store straumutgifter
- Mindre inntening på festeavgifter

### Kyrkjelydsbladet

I 2021 gjekk bladet med kr 12.236,- i overskot Dette beløpet er lagt inn i Fond for kyrkjelydsbladet som har auka frå kr. 47.530,- til kr. 59.766,-

Takk til alle dykk som er så snille og køyrer ut bladet for oss. Hildegunn Kåsi, Asbjørn Tveiten, Inger Johanne Aaheim, John Nordbø, John Olav Klodvik, Torill Sønnerland, Synnøve Valle og Elisabeth Åsland.

### Arbeidet i fellesrådet:

#### PERSONAL

- Maria Skjæveland starta som ny organist/kantor 1.1.2021.
- Vigsling av Maria Skjæveland som kantor i desember 2021.

#### NISSEDAL:

- Kyrkja vart termografert februar 2021.
- Pumpehuset vart gjort ein stor jobb med i 2021.
- Verkstedet er måla.

#### TREUNGEN:

- Nye lamper på stolpane ved inngangen i Treungen.
- Kyrkja vart termografert februar 2021.

#### FELLE:

- Kapellet - to veggdar vart måla, resten i 2022.
- Ny utelampe ved inngangen og orden på flombelysning.



## Taizé-gudsteneste

I januar og februar hadde me Taizé-gudstenester i Nissedal og Treungen kyrkje.

Taizé er kjenneteikna av korte og enkle ledd/songer som blir repeterte fleire gonger. Taizé-fellesskapet, som har base i Frankrike, er internasjonalt og tverrkyrkjeleg og samlar folk frå heile verden. På denne måten har det også spreidd seg og mange av songane er blitt omsette til norsk. Under gudstenesta er det og mogleg å legge inn ei bønnevandring med ulike stasjonar, f. eks ljostenning, skrive bønnelappar og legge ned ein stein ved korsets fot.

I salmeboka står det fleire Taizé-salmer, bl.a Jesus, Guds son (635), Bevar meg min Gud (636) og Syng lovsong heile jorda (384)

## Vigsling av kantor

5. desember 2021 vart Maria Skjæveland vigsla til kantor av biskop Stein Reinertsen. I tillegg til biskopen deltok sokneprest i Nissedal Knut Bjørn Skyttemyr, sokneprest i Odalen, Morten Grindvoll og prost Asgeir Sele. Det vart ei fin gudsteneste med mykje song og musikk, Marlene Flataker var med på trompet og ei songgruppe som kantoren hadde sett sammen sang «Ord fra Evighet». Det møtte opp både folk frå Nissedal og Kviteseid. Etter gudstenesta var det kyrjekaffe på bedehuset, der den nyvigsla kantoren fekk mange gode helsingar frå m.a. soknerådet, soknepresten og biskopen.



## Gudstenester «med noko attåt»

Me treng litt tid på å bli vane med at alle restriksjonane som hindra oss i å møtast, nå er borte.

Me har vore i heimane våre og kanskje ute på ein luftetur, men ikkje i større samlingar.

Nå kan me kome saman, så mange me vil!

Men vil me det? Eller har vanane blitt endra og dørstokkmila blitt endå lengre?


Me, i kyrkjeutvalet i Nissedal, håpar at det er mange som vil ut av husa sine og møte folk. Og me vil prøve å gjere kyrkja som møteplass større. Ikkje for å ha betre plass til avstand, men heller omvendt, for å gje rom og tid for samtalar uformelle møte.

Det første som står på programmet, er familiegudsteneste på Fjone bedehus paldesundag kl. 18.00. Det blir kveldsmat på bedehuset etter gudstenesta. Første samling i Nissedal kyrkje er skjærtorsdag kl 18.00, med kveldsmat for alle på bedehuset etterpå.


22.mai er det gudsteneste i Nissedal kyrkje kl 11.00. Då får me besøk av Sigrid Nesland Vejen, som ein del av eit samarbeidsprosjekt mellom biblioteket og kyrkja- med litteraturformidling inn i kyrkjene. Det blir kyrjekaffi på bedehuset etter messa.

22.mai er det også gudsteneste i Treungen kyrkje. Det er kl 18.00. Også der kjem bibliotekaren på besøk, og det blir kyrjekaffi.

*Kyrkjeutvalet i Nissedal ved GBR-M.*



# MELDINGSBLAD



NISSEDAL KOMMUNE

NR 1.

2022

Samfunnskontakt Kristina Kihle-Vik

Eg har fått ei ny 70% prosjektstilling som samfunnskontakt i Nissedal kommune, jf. omsorgsplanen og «Leve heile livet-reforma». Stillinga tok til 01.01.22 og skal vare ut året.

Eg har glede meg og sett fram til å starte i stillinga. Eg er utdanna helsefagarbeidar og har jobba i kommunen, eining for velferd, sidan 2016.

I denne stillinga ynskjer eg å bli eit bindeledd for Nissedal omsorgssenter og opp mot nærmiljøet, familiar, frivillige, næringslivet, institusjonar, lokalsamfunnet, skule og barnehage. Eg kjem til å ha fokus på å bygge opp gode relasjonar til lokalsamfunnet i Nissedal og starte frivillig innsats. Dette vil då gi moglegheit for betre utval av aktivitetar og sosialt samvær for dei som ynskje dette. Der kan ein bruke kvarandre sin kunnskap og omsorg til å fylle kvardagane.

Det er planlagt å skape ein møteplass på Nissedal omsorgssenter i form av ein kafé, og der vil det bli moglegheit for å kunne organisere forskjellige aktivitetar for ulike behov.


Det er bare å ta kontakt med meg om de har ynskjer, idear og behov, som kan bidra med å fylle kvardagane dykkar med aktivitetar/sosialt samvær.

Med helsing

Kristina Kihle-Vik  
Samfunnskontakt

E-post: [kristina.kihle-vik@nissedal.kommune.no](mailto:kristina.kihle-vik@nissedal.kommune.no)

Mobil: 980 75 273



Nils Gunnar Grønstein 3. kl.

## UT I GRENDENE TUR VÅREN 2022

Med forbehold om endringer, følg med på facebook, eller ta en telefon om dere er usikre, 996 36 626 ☎

Vi drar fra sentralen klokka 09.30 for samkjøring, man kan også møte direkte.



21.04	Hommesvøune med Renate Hassel	Starter i skogsterreng, går over i fjell. 3,2 km lang tur.
28.04	Fjellstøyl dammen med Osmund Tarjei Juva.	Til fjellstøyl, videre langs vannet til Ervedalen. Møtes ved bommen 09.35.
05.05	Mjåvatn rundt med Olav Jakob Tveit	Lett og flat. Ca 5 km.
12.05	Tjønnefoss – Solheia med Torfinn Berge.	En lett fin tur. Fra Tjønnefoss kraftverk og turen går videre til Solheia.
19.05	Storefjell med Ragnhild Haugstøyl.	Bratt fra start, men nydelig utsikt. Bomvei. Møtes ved bedehuset på Fjone kl 10.00. Værforbehold. 3,5 times med lunsj.
02.06	Gamle Dalsvegen med Jon Birger Fjalestad.	Her kan vi ha en kort tur ned til Dale, om noen ønsker lengre tur til Grytestøyl. Møtes ved krysset på Fjalestad ved bomkassa til Fyresdal kl 10.00.
09.06	Bleka området- Gautefall med Olav Jakob Tveit.	Rundtur, litt oppstigning, flott på plataet. Ca 5 km.
16.06	Dalsnipen med Sigrid Dale	Vi starter i tunet på Dale, vil vi ha en lengre tur parkerer vi noen biler ved Trolltjønn og kommer ned der. Traktorvei oppover og et bratt parti. Ca 3 timers tur med lunsj. Denne turen kan kortes ved å gå snarveien ned igjen til Dale.



Velkommen Til Ut I Grendene Tur Sammen Med Andre ☎

---

# Bli kjent med salmeboka

---

Påska har mange fine salmer, alt frå Grundtvig sin kjente og kjære «Påskemorgen slukker sorgen» til salmer av meir nyare art. Ei av dei nyare påskesalmene som står i salmeboka, er «Han stod opp før dagen demret»

1. Han sto opp før dagen demret, dødens dype natt tok slutt.  
Kristus lever, han har seiret, dødens mørke natt er brutt.  
Sol og måne, jord og himmel, dyr og fugler, gress og trær,  
alle ser og aller jubler: Han er oppstått, Gud er her!

2. Han sto opp for dem som brakte blomster til hans tause grav.  
Han sto opp for sine venner, dem han elsket og holdt av.  
Graven kunne ikke kneble ham som er Guds skaperord.  
Kristus lever, vi gir stemme til en sang om håp på jord.

3. Han sto opp, hans venner fryktet jordens mørke, dødens natt.  
Han sto opp da troen sviktet, da de trodde seg forlatt.  
Fylt av mismot var vi alle til han delte vin og brød.  
Kristus lever, vi skal leve, det er døden som er død!

4. Han sto opp før dagen demret, ut av natt brøt lyset fram.  
Kristus lever, han har seiret, evig lever vi med ham.  
Han er her og han vil skape liv der natt g mørke bor.  
Kristus lever, vi skal bære Herrens seierstegn på jord.

T: J. Bell/G. Maule, 1988

O: S. Aasmundtveit, 1999

M: J. Bell, 1988

Teksten er skriven av John Bell og Graham Maule da dei begge jobba med ungdom. Originaltittelen er «Christ has risen while earth slumbers». Opprinneleg var salmen publisert i WGRG sine samling «Enemy of Apathy i 1988 og «The Courage to say no» i 1996. Teksten tar for seg Guds gjerningar mens jorda sov og påpeikar ulike endringar som Kristi oppstode gjer mogleg for menneske både i dag, men også i framtida. Den peikar også på vårt mismot, og kontrasten mellom vår frykt for døden og jordas mørke og Guds kraft og kjærleik som er med oss, også i dag. Den har også referanse til kvinnene som kom til grava på morgonen, men det er kun Johannes som seier at det framleis var mørkt da Maria Magdalena kom til den tomme grava. I originalteksten er det mange bokstavrim, bl.a «challenge and change» og «doubted and denied», noko som er med å forsterke budskapet om at trass i vår tvil, mismot og frykt for mørke, så finnes det noko som er sterkare, nemlig Guds kjærleik og kraft gjennom Krist oppstandelse.

Sven Aasmundtveit omsette salmen i 1999, og den blei utgitt i «Sanger fra vest», 2000.

Melodien er komponert av John Bell, og er i skotsk folkevisestil. Første halvdel, A-delen, er ganske lågmælt, medan B-delen løfter salmen. Den er bygd opp av fire periodar, der første linje har det same motivet, mens andre linje «svarer». Tonearten er c-moll.

Salmen står i norsk salmebok på nr 214



Maria Skjæveland, kantor



## **NISSEDAL SOKN VEST TELEMAR**

### **Sokneprest**

**Knut Bjørn Skyttemyr**

Kyrkjekontoret:

Tysdag og torsdag kl. 10 –13

Ellers treffetid etter avtale.

Tlf.: 35 04 84 49

Mobil: 90 79 93 68

E-post: knut.bjorn.skyttemyr

@nissedal.kommune.no

### **Kyrkjeverje Bente Meyer**

Kyrkjekontoret: Tysdag, torsdag

og fredag kl. 9 -13

Tlf.: 35 04 84 43

Mobil: 99 54 45 43

E-post: bente.meyer

@nissedal.kommune.no

### **Leiar i soknerådet:**

Anita Haugstad Haugsjå

### **Nestleiar i soknerådet:**

Astrid Eidem Nordal

### **Kyrkjetenar:**

**Anne Marie H. Larsson**

Mobil.: 90 63 47 47

### **Kantor:**

**Maria Skjæveland**

Mobil.: 94 06 02 69

### **Klokkar i Treungen kyrkje:**

**Reidun Lauvdal**

Mobil.: 95 06 52 01

### **Prostdiakon Eilev Erikstein**

Tlf.: 35 07 71 88

Mobil.: 91 11 35 80

## **KIRKENS SOS**

**Tlf 22 40 0040**

## **Frå kyrkjeboka – Nissedal sokn**

### **Nissedal kyrkje**

#### **Dåp**

5. mars. Johanne Grimstvedt Hauken. Foreldre: Kjetil Hauken og Gunhild Marie Grimstvedt

#### **Vigsel**

5. mars Gunhild Marie Grimstvedt og Kjetil Hauken

### **Treungen kyrkje**

#### **Dåp**

19. feb. Åsa Tveit Aarak. Foreldre: Bjørn Kristian Aarak og Oda Tveit

**Frist for innlevering av stoff til neste nr.: 20. mai 2022**

**Gje gåve på giro/konto: 2714.10.15589**

Merk kva de støttar.

**Gje di gåve ved bruk av VIPPS**

Kyrkjelyden har fleire nummer:

123534 Sondagens offer

123537 Kyrkjelydsarbeidet,

123538 Diakoniprojekt i Mali

123539 Gåve til Kyrkjelydsbladet



**Dugnad våren 2022: Treungen 2. mai,**

**Felle 3. mai og Nissedal 5. mai**

## **KYKJELYDSBLAD**

for Nissedal sokn utgjevar: Soknerådet i Nissedal

REDAKSJON:

Knut Bjørn Skyttemyr, 3854 Nissedal, Mob: 90 79 93 68

Tor Valle, 3855 Treungen, priv. tlf: 92 48 90 42

Gunnhild Breivik Rieber-Mohn 3854, Nissedal, priv.tlf: 99 42 33 59

EKSPEDISJON:Kyrkjekontoret

GIRO: 2714.10.15589


Bladet vert sendt ut gratis til alle heimar i Nissedal prestegjeld.

Friviljuge gåver til bladet vert mottekne med takk.


Trykt ved Erik Tanche Nilssen trykkeri, Skien




Kristian Hellum Parry Jones 2. kl.




Sigurd Fosslø Løyte 3. kl.



Emma Sophie Andersen 4. kl.



Hedda Amalie Andersen 1. kl.



Ghofran Kaskous 2. kl.



Sofie Johanne Bråten Odden 4. kl.

**Teikningane i år er laga av 1. -4. kl. ved Kyrkjebygda oppvekstsenter  
Takk for fine teikningar.**

### Velkomen

Me skriv 2022. Det tyder at tida går. Det tyder at eg blir eldre. Ja, at du som les dette også blir eldre. Du som er ung også! Det er ikkje bare gamle folk som blir eldre. Før i tida sa ein «dei gamle er eldst», og i det låg det ei anerkjenning. Dei hadde levd nokre år og var meir erfarne og, med det, klokare enn dei yngre.

Før jol las eg om ei svensk dame. Ho er journalist og forfattar og er i 50-åra. Ho takka nei til å stille opp i eit fjernsynsprogram, fordi ho ikkje ville vise kor gammal ho såg ut. Og med eitt var viss det gamle, respektfulle uttrykket snudd på hovudet. Nå heiter det visst «dei gamle er styggast».

Tida går. Ja, og kroppar eldast, men treng det føre til at verdiane våre får rynker og visnar bort? Korkje det me er verd eller dei verdiane me held høgt, blir dårlegare med tida. Her trur eg me har litt å kjempe for- eller mot.

Eg går ofte tur i Vikodden, i friluftsområdet i Nordbygda. Sist sommar kom der opp ein fin, ny benk, der ein kan sitje og nyte utsikten. Og på ryggstøtet på benken står det «Velkomen på Vikodden». Benken er for alle, unge og gamle, og han har ein positiv budskap. Det står ikkje- som me skreiv i minnebøkene «Når du blir gammel og ingen vil ha deg, sett deg på taket og la kråka ta deg.» Nei, det står: «Velkomen».

Det er godt å kjenne seg velkomen. Alle treng å kjenne på det. Eg trur me må vakte om den verdien og den haldninga til andre menneske. Du er velkomen, slik som du er! Eg kjem på eit bilete frå sundagsskulen. Der står Jesus utanfor eit hus, og teksten under biletet seier:


*Sjå eg står framfor døra og bankar.  
Om nokon høyrer mi røyst og opnar døra,  
då vil eg gå inn til han og halda måltid,  
eg med han og han med meg. Joh. Op 3.20*

Jesus bankar på hos alle, går gjerne på besøk til alle. Han gjer heller ikkje forskjell på folk. Han er like raus som benken på Vikodden.

Me skriv 2022, og eg seier: Bort med tanken om at folk med rynker må gøyme seg vekk! Bort med tanken om at «uproduktive» er verdilause! Ja til tanken om at kvart einaste menneske er verdifullt! Eg vil prøve å verne om «Velkomen-tanken» i 2022: både det å kjenne seg velkomen og å ønskje andre velkomen. Både det å gje til alle og å kunne ta imot.

*GBR-M.*






Hasan Mohamad Alzayet 2. kl.



Odd Magnus Øigarden 3. kl.



Rasmus Fosslø Løyte 1. kl.



Vårin Winther Pettersbakken 3. kl.



Gaute Tveitane Holskar 3. kl.



Ghazal Kaskous 4. kl.